

Saksprotokoll

Utval: Kommunestyret
Møtedato: 17.12.2018
Arkivsak: 18/1743

Sak: 84/18

SAKS PROTOKOLL - BUDSJETT 2019 OG ØKONOMIPLAN 2019 - 2022

TILRÅDING frå formannskapet til kommunestyret:

Samrøystes TILRÅDING:

1. A. Forslag til budsjett for 2019 og økonomiplan for 2019-2022 i skjema 1A, 1B, 2A, og 2B vert godkjent.
- B. Nettoramme for kvart rammeområde for 2019 vert lagt til grunn i utarbeidinga av rammene for 2020.
2. Forskottsskatt og forskottstrekk på formue og inntekt vert rekna etter dei maksimale satsar Stortinget vedtek for 2019.
3. A. Til finansiering av investeringar i 2019 vert det godkjent eit samla låneopptak på kr 219 450 000 som fordeler seg slik:
 1. Ordinære investeringar kr 194 450 000
 2. Lån til vidare utlån frå Husbanken (Startlån) kr 25 000 000
- B. Nedbetalingstid på nye lån 2019-2022, ekskl. lån i Husbanken, skal ikkje overskride 30 år.
Nedbetalingstid på lån i Husbanken skal ikkje overskride 25 år.
- C. Låneopptaka vert gjort i samsvar med retningslinjer og innanfor fullmakter i gjeldande finansreglement.
- D. I medhald av forskrift om startlån frå Husbanken krev Klepp kommune inn eit administrasjonsgebyr på 0,25 % pr. utlån.
4. A. Framlegg til mål for tenestene 2019 vert godkjent.
- B. Under område økonomi vert lagt til grunn følgjande mål – i % av driftsinntektene:
 1. Netto driftsresultat i % av driftsinntektene: > 1,5 %
 2. Lånefinansiering i % av finansieringsbehov < 70 %
 3. Disposisjonsfond i % av driftsinntektene > 5 %
 4. Netto lånegjeld (langsiktig gjeld – utlån - ubrukte lån) i < 60 % av driftsinntektene
5. Kommunale avgifter/gebyr og betalingssatsar vert vedtatt i samsvar med vedlegg.
6. Rådmannen får fullmakter til å:
 1. fordele lønnsreservane i skjema 1A til sentraladministrasjonen og tenesteområda i skjema 1B i samsvar med resultat av lønnsforhandlingane.
 2. omdisponera årsverk mellom tenesteområda og sentraladministrasjonen i

skjema 2B når desse har stabs- og administrative funksjonar. Slike endringar skal rapporterast i tertialrapporten.

3. flytte mellom investeringsprosjekt i 2B når desse er av teknisk art og gjeld fordeling av fellesbudsjetterte middel til delprosjekt.

Med følgjande tilleggspunkt:

Samrøystes TILRÅDING:

7. A. Kommunestyret ber om at endringane innan helse og velferd kan gå i noko lågare tempo.

Fleirtalet (5) TILRÅR:

- B. Hovudutval for helse og velferd kan vurdere bruk av eige fond i ein overgangsperiode.

Mindretalet (4) TILRÅR:

- B. Kompensasjonen i ramma til ressurskrevjande tenester på inntil kr. 2 mill. går til disposisjon for tenesteområdet helse og velferd.

Samrøystes TILRÅDING:

8. Kommunestyret ber om ei sak før behandling av økonomiplanen neste haust om standarden og utbetring av vedlikehaldet på det kommunale vegnettet.

Fleirtalet (5) TILRÅR:

9. Med bakgrunn i Stortingets forlik i statsbudsjettet, vert følgjande teke inn i budsjettet:
 - a. Innlagt kompensasjon til ressurskrevjande tenester på 2 mill. vert teke vekk.
 - b. Rammetilskotet vert redusert med kr 850 000 som følgje av redusert kompensasjon lærarnorm. Det vert avsett kr 850 000 til disposisjon for eventuell kompensasjon lærarnorm dersom Klepp ikkje får tilsvarande i øyremerka tilskot.
 - c. Det vert avsett kr 1 150 000 til disposisjonsfondet.

Samrøystes TILRÅDING:

10. Forslag til tekstendringar i framlagt notat frå rådmann vert teke til følgje.

Mindretalet (2) TILRÅR:

11. Kommunestyret legg inn bygging av Sporafjell barnehage i budsjettet med 62,2 mill. i 2022, slik at barnehagen kan vera klar til bruk i løpet av 2023.

Kommunestyret si behandling:

Sigmund Rolfsen -ap fremma formannskapet si mindretalstilråding punkt 7 B: Kompensasjonen i ramma til ressurskrevjande tenester på inntil kr. 2 mill. går til disposisjon for tenesteområdet helse og velferd.

Forslag frå h, krf og sp

Nye underpunkt tilhøyrande punkt 7:

7C: Endringar av driftsform ved Dagsenteret i miljøtenesta vert utsett.

7D: Det vert oppretta eit brukarforum der brukarar/pårørande i miljøtenesta har faste møter med kommunalsjef helse og velferd. Ein kan her sjå på modellen som vert brukt i Stavanger kommune.

7E: I løpet av våren 2019 vert det starta eit arbeid for å sjå på endringar av driftsform i miljøtenesta inkludert Dagsenteret. Arbeidet skal inkludera tilsette, brukarar/pårørande og tillitsvalde. Det er eit mål at eventuelle endringar vert gjennomført seinast 1.1.2020.

Sigmund Rolfsen -ap fremma formannskapet si mindretalstilråding punkt 11:
Kommunestyret legg inn bygging av Sporafjell barnehage i budsjettet med 62,2 mill. i 2022, slik at barnehagen kan vera klar til bruk i løpet av 2023.

Forslag frå Torbjørn Hovland -krf

Kommunestyret ber rådmannen finna midlar innanfor budsjett, slik at kontrollutvalet har moglegheit til å påbyrja ein revisjon i løpet av 1. tertial.

Forslag frå Vidar Haugland -h

Kommunestyret ber om at det vert sett i gang prosjekt med meirope symjehall i 2019.

Forslag frå Arne Madland -frp

Det vert 5 % stigning på vatn og 10 % på avløp for 2019.

Forslag frå Thorbjørg I. Kristjansdottir -mdg

Følgande tilleggstekst vert lagt til i budsjett- og økonomiplanen:

Alle vedtak knytt til budsjett, kommuneplanar og større saker legg målet om å halda den globale oppvarminga under maksimum 1,5 grader til grunn.

Votering

Formannskapet si samrøystes tilråding punkt 1-6 fekk 31 stemmer.

Formannskapet si samrøystes tilråding punkt 7A fekk 31 stemmer.

Formannskapet si fleirtalstilråding punkt 7B fekk 18 stemmer.

Forslaget frå Sigmund Rolfsen -ap, formannskapet si mindretalstilråding punkt 7B, fekk 13 stemmer, frp, ap, v og mdg. Forslaget falt.

Forslaget frå h, krf og sp om nye underpunkt 7C, 7D og 7E fekk 31 stemmer.

Formannskapet si samrøystes tilråding punkt 8 fekk 31 stemmer.

Formannskapet si fleirtalstilråding punkt 9 fekk 31 stemmer.

Formannskapet si samrøystes tilråding punkt 10 fekk 31 stemmer.

Forslaget frå Sigmund Rolfsen -ap, formannskapet si mindretalstilråding punkt 11, fekk 11 stemmer, ap, v, mdg, Kjetil Maudal -frp, Bernt Thomas Falkum -frp, Elisabeth M. Bellamey -frp og Gaute Stokka -frp. Forslaget falt.

Forslaget frå Torbjørn Hovland -krf fekk 31 stemmer.

Forslaget frå Vidar Haugland -h fekk 31 stemmer.

Forslaget frå Arne Madland -frp fekk 6 stemmer, frp. Forslaget falt.

Forslaget frå Thorbjørg I. Kristjansdottir -mdg fekk 2 stemmer, v og mdg. Forslaget falt.

Forslag til budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022 for Klepp kommune vart godkjent.

KOMMUNESTYREVEDTAK:

1. A. Forslag til budsjett for 2019 og økonomiplan for 2019-2022 i skjema 1A, 1B, 2A, og 2B vert godkjent.
B. Nettoramme for kvart rammeområde for 2019 vert lagt til grunn i utarbeidinga av rammene for 2020.
2. Forskotsskatt og forskotstrekk på formue og inntekt vert rekna etter dei maksimale satsar Stortinget vedtek for 2019.
3. A. Til finansiering av investeringar i 2019 vert det godkjent eit samla låneopptak på kr 219 450 000 som fordeler seg slik:
 1. Ordinære investeringar kr 194 450 000
 2. Lån til vidare utlån frå Husbanken (Startlån) kr 25 000 000B. Nedbetalingstid på nye lån 2019-2022, ekskl. lån i Husbanken, skal ikkje overskride 30 år.
Nedbetalingstid på lån i Husbanken skal ikkje overskride 25 år.
C. Låneopptaka vert gjort i samsvar med retningslinjer og innanfor fullmakter i gjeldande finansreglement.
D. I medhald av forskrift om startlån frå Husbanken krev Klepp kommune inn eit administrasjonsgebyr på 0,25 % pr. utlån.
4. A. Framlegg til mål for tenestene 2019 vert godkjent.
B. Under område økonomi vert lagt til grunn følgjande mål – i % av driftsinntektene:
 1. Netto driftsresultat i % av driftsinntektene: > 1,5 %
 2. Lånefinansiering i % av finansieringsbehov < 70 %
 3. Disposisjonsfond i % av driftsinntektene > 5 %
 4. Netto lånegjeld (langsiktig gjeld – utlån - ubrukte lån) i < 60 % av driftsinntektene
5. Kommunale avgifter/gebyr og betalingssatsar vert vedtatt i samsvar med vedlegg.
6. Rådmannen får fullmakter til å:
 1. fordele lønnsreservane i skjema 1A til sentraladministrasjonen og tenesteområda i skjema 1B i samsvar med resultat av lønnsforhandlingane.
 2. omdisponera årsverk mellom tenesteområda og sentraladministrasjonen i skjema 2B når desse har stabs- og administrative funksjonar. Slike endringar skal rapporterast i tertialrapporten.
 3. flytte mellom investeringsprosjekt i 2B når desse er av teknisk art og gjeld fordeling av fellesbudsjetterte middel til delprosjekt.

Med følgjande tilleggspunkt:

7. A. Kommunestyret ber om at endringane innan helse og velferd kan gå i noko lågare tempo.
B. Hovudutval for helse og velferd kan vurdere bruk av eige fond i ein overgangsperiode.

- C. Endringar av driftsform ved Dagsenteret i miljøtenesta vert utsett.
 - D. Det vert oppretta eit brukarforum der brukarar/pårørande i miljøtenesta har faste møter med kommunalsjef helse og velferd. Ein kan her sjå på modellen som vert brukt i Stavanger kommune.
 - E. I løpet av våren 2019 vert det starta eit arbeid for å sjå på endringar av driftsform i miljøtenesta inkludert Dagsenteret. Arbeidet skal inkludera tilsette, brukarar/pårørande og tillitsvalde. Det er eit mål at eventuelle endringar vert gjennomført seinast 1.1.2020.
- 8. Kommunestyret ber om ei sak før behandling av økonomiplanen neste haust om standarden og utbetring av vedlikehaldet på det kommunale vegnettet.
 - 9. Med bakgrunn i Stortingets forlik i statsbudsjettet, vert følgjande teke inn i budsjettet:
 - a. Innlagt kompensasjon til ressurskrevjande tenester på 2 mill. vert teke vekk.
 - b. Rammetilskotet vert redusert med kr 850 000 som følgje av redusert kompensasjon lærarnorm. Det vert avsett kr 850 000 til disposisjon for eventuell kompensasjon lærarnorm dersom Klepp ikkje får tilsvarande i øyremerka tilskot.
 - c. Det vert avsett kr 1 150 000 til disposisjonsfondet.
 - 10. Forslag til tekstendringar i framlagt notat frå rådmann vert teke til følgje.
 - 11. Kommunestyret ber rådmannen finna midlar innanfor budsjett, slik at kontrollutvalet har moglegheit til å påbyrja ein revisjon i løpet av 1. tertial.
 - 12. Kommunestyret ber om at det vert sett i gang prosjekt med meirope symjehall i 2019.